

## **Connect Vest-Norge – Søknad om tilskot til gjennomføring av Connect Vest aktivitetar i Sogn og Fjordane**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesdirektøren rår til at CONNECT Vest-Norge får eit tilskot på kr 135 000 til gjennomføring av CONNECT Vest-aktivitetar i Sogn og Fjordane i 2009 i samsvar med prosjektplan. I 2009 vert det, som eit unntak, løyvd tilskot både frå Innovasjon Noreg og fylkeskommunen. Frå 2010 skal eventuelle søknader om finansiering av aktivitetar retta mot gründerar/vekstselskap stilast til Innovasjon Noreg aleine. Tilskotet vert dekkja med disponible midlar på plan og næring sitt budsjett.

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn**

CONNECT Vest-Norge(CV) søker om eit tilskot på kr 135 000,- til gjennomføring av Springbrett-aktivitetar, rekruttering av medlemmer og gründerar i Sogn og Fjordane.

CV gjennomførde i første halvdel 2008 eit forprosjekt for å kartlegge behov for og ønskje om vidareføring av CONNECT-aktivitetar i Sogn og Fjordane. Forprosjektet konkluderte med at aktivitetane skal vidareførast, og CV har som eit delresultat av forprosjektet no inngått samarbeidsavtale med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS (KPSF) som ein CONNECT-node i fylket. Målsettinga er at metodikken i CV skal nyttast som eit godt supplement til KPSF sine egne verktøy ,og andre innovasjonsaktørar, for å fremje innovasjon og verdiskaping i Sogn og Fjordane.

Avtalen byggjer på at KPSF har utpeika ein tilsett som vil vere ansvarleg for CONNECT-aktivitetane i fylket, men at rekruttering av ressurspersonar/medlemar og andre CONNECT-aktivitetar skal administrerast og finansierast gjennom CV.

### **Nærare omtale av CONNECT Vest-Norge (CV)**

#### I søknaden presenterer CV seg slik:

CV er ein non-profit medlemsforeining som hjelper gründerar og vekstselskap ved, utan vederlag, å kople dei mot kompetanse og kapital. CV er finansiert av offentlege tilskot og inntekter frå medlemmer og samarbeidspartar. CV gjev medlemmer og samarbeidspartar tilgang på informasjon om nye vekstselskap og løysingar, ny kompetanse, nye kundar, nettverk og investeringsmuligheiter. CV har definert Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland som nedslagsfelt. CV har i dag mest aktivitet i Bergensregionen, men ynskjer frå 2009 i større grad å utvide tilbodet geografisk. CV har pr januar 2009 ca 90 medlemmer og 200 ressurspersonar i sitt nettverk. Sidan 2001 har CV hjelpt 119 selskap med kunnskap og kapital. Desse selskapa har i etterkant fått tilført ca kr 200 mill i eigenkapital og 75 % av selskapa seier dei har fått forbetra forretningsplanar og vekststrategiar gjennom CONNECT Springbrett prosessen, som vert omtalt i punktet "aktivitetar knytt til søknaden".

CONNECT er eit internasjonalt nettverk som vart etablert i 1985 ved University of California, San Diego, som eit program for teknologi og entreprenørskap. Programmet vart ein suksess og vert rekna som ein av dei viktigaste bidragsytarane til at regionen opplevde ein betydeleg vekst innan teknologibasert nyskaping. CONNECT Vest-Norge (i Bergen) vart tilknytta det internasjonale CONNECT nettverket sommaren 2000. Dei nasjonale CONNECT-nettverka er alle sjølvstendige foreiningar med aktivitetar koordinert gjennom den nasjonale stiftinga CONNECT Noreg. CONNECT-nettverka i Noreg deltek aktivt i samspel med andre internasjonale CONNECT-nettverk.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i fleire år vore medlem i CV.

Styret i CV er slik samansett:

Sjur Storås, leiar, Econ Pöyry (Bergen) tidlegare Hordaland Olje og Gass  
Camilla Andersson, nestleiar, Fabian Invest AS (Bergen)  
Erlend Skagseth, Sarsia Seed (Bergen)  
Lise reinertsen, BKK (Bergen)

Torstein Skage, Vekstfondet (Stord)  
Aud Ingrid Espeland, Fjord Invest (Førde)  
John Peter Hernes, SøkorninVest (Stavanger)

Dagleg leiar: Solveig Holm

### **Aktivitetar knytt til søknaden, nærare omtale.**

Det omsøkte beløpet er knytt opp mot auka aktivitet i Sogn og Fjordane innafør følgjande område:

- Gjennomføring av CONNECT Springbrett/ Pre-Springbrett
- Rekruttering av prosjekt/vekstselskap
- Rekruttering av medlemmer, offentlege og private samarbeidspartnarar
- CONNECT Vest Business Angel nettverk

Det er ei målsetting å gjennomføre minimum 3 Pre-Springbrett og CONNECT-Springbrett i Sogn og Fjordane i 2009. I samband med auka aktivitet i Sogn og Fjordane, vil det måtte påreknast meir tid til førebuing av selskapa og identifisering av ekspertpanel, då Sogn og Fjordane ikkje har hatt omfattande Springbrett-aktivitet tidlegare.

#### CONNECT Springbrett/ Pre-springbrett

CV sin kjerneaktivitet er CONNECT Springbrett/ Pre-springbrett. Dette er ein prosess som startar med eit kvalifiseringsmøte mellom CV og gründeren, og som vert avslutta med sjølv springbrettet. Gründeren får tilbod om CONNECT Springbrett eller Pre-Springbrett alt etter kor langt prosjektet/selskapet er komme i utviklinga. Etter eit første kvalifiseringsmøte, vert det sett fokus på gründererselskapet sin forretningsplan, for å sikre at den inneheld all naudsynt informasjon. I dette arbeidet vert dei ulike utfordringane selskapet står overfor utkrystallisert, og CV set saman eit panel ned ressurspersonar frå regionen sitt næringsliv med kompetanse som svarer til desse utfordringane. Dette ekspertpanelet og gründererselskapet møter kvarandre på sjølv springbrettet. Her presenterer selskapet forretningskonseptet sitt og strategiane for vidare vekst. Panelet gjev tilbakemeldingar og rådgjeving ut frå ekspertisen det har. Gjennom springbrettet får gründerar og vekstselskap syretesta sin forretningsplan og presentasjonen av denne.

CV tek årleg imot rundt 80 førespurnader frå gründerar og selskap som er i vekst, og alle vert vurdert i høve til forretningskonsept, marknads- og vekstpotensiale. Av desse får rundt 30 tilbod om å gjennomgå ein CONNECT Springbrett prosess.

#### CONNECT Vest Business Angel nettverk

CONNECT Vest Business Angel nettverk (CVBAN) er eit nettverk av uformelle private investorar, såkalla Business Angels, som skyt inn risikokapital i tidlegfaseselskap, i tillegg til at dei stiller sin kompetanse og tid til disposisjon for selskapa. CV ynskjer å utvikle ein møteplass for denne type investorar, og har gjort ei rekkje aktivitetar for å sikre grunnlag for erfaringsutveksling og informasjon om mogelege investeringsobjekt. Kunnskapsparken Sogn og Fjordane ønskjer å etablere investornettverk i Sogn og Fjordane, og vil knytte nettverket opp mot CVBAN. Medlemmene i investornettverket Sogn og Fjordane vil få same tilbodet som medlemmane i CVBAN.

### **Kostnads- og finansieringsplan**

Søkjær presenterer følgjande **kostnadsplan** for CONNECT Vest aktivitet i Sogn og Fjordane 2009:

Gjennomføring og evaluering av Springbrett	kr 88 000
Rekruttering av medlemmer og gründerar	kr 63 000
Møte med potensielle finansieringskjelder	kr 24 000
Evaluering og utveljing av prosjekt	kr 32 000
Samarbeid Kunnskapsparken S&Fj om Business	
Angel nettverk	kr 48 000
Møte CONNECT-nettverk node	kr 20 000
Reiser	kr 12 000
<u>Administrasjon</u>	<u>kr 33 000</u>
<u>Sum kostnader</u>	<u>kr 320 000</u>

Det er føresett slik finansiering:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune	kr 135 000
Innovasjon Noreg Sogn og Fjordane	kr 135 000
<u>Samarbeidsavtale Kunnskapsparken S&amp;Fj</u>	<u>kr 50 000</u>
<u>Sum finansiering</u>	<u>kr 320 000</u>

## **Vurderingar**

### Erfaringar i Hordaland

I Hordaland har ein hatt ein vesentleg CONNECT-aktivitet gjennom dei siste 6 åra med støtte frå IN. Gjennom desse åra er det hovudsakleg 2 erfaringar som sit att:

For det første er CV ein viktig del av støtteapparatet for kommersialisering av gode forretningsidear, både gjennom hovudverksemda springbrett og gjennom andre aktivitetar som investorforum, CONNECT vest Business Angels Nettverk (CVBAN) og partnerskapsfora. Det er ingen tvil om at CV har gjort ein svært god jobb for å tilføre dei nye bedriftene kompetanse og kapital.

For det andre, er det òg heilt klart at marknaden (kontingentar/sponsorar) ikkje gjev tilstrekkeleg finansielt grunnlag for at denne type aktivitetar vert drivne og vidareutvikla. Ein kan sjå vekk frå at medlemskontingent og private sponsormidlar skal finansiere denne type verksemd fullt ut. Det betyr ikkje at CV ikkje vert oppfatta som viktig, men generelt at denne typen aktivitetar sit langt inne å få private midlar til.

### Erfaringar frå Sogn og Fjordane

I vårt fylke er det først og fremst omstillingsorganisasjonen i Høyanger som har nytta seg av til CONNECT Vest sine tilbod. Fleire gründerar/vekstselskap i Høyanger har fått hjelp gjennom CV sin Springbrettaktivitet, og med godt resultat.

### EØS

Søkjær er ein non-profit organisasjon. Målet med søkjær si verksemd er å styrkje vekstentreprenørar si gjennomføringsevne og betre kapitaltilgangen. Søkjær og prosjektet dreier seg ikkje om ordinær næringsverksemd, og fylkesdirektøren konkluderer med at EØS-reglane

ikkje er relevante i dette tilfellet. Dermed vert ikkje reglane om bagatellmessig støtte nytta, sjølv om total offentleg støtte utgjer 84%.

### Samla vurdering

CONNECT Vest (CV) har aktivitetar og tilbod til gründerar og vekstselskap som ikkje vert dekkja på ein fullgod måte av andre aktørar i fylket. CV har tilstrekkeleg og kompetente administrative ressursar til å gjennomføre dei omsøkte aktivitetane. Samarbeidsavtalen med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS gjev prosjektet ei viktig regional forankring. Innovasjon Noreg er positiv til søknaden, og vil gå inn med omsøkte tilskot. Normalt vil ei sak enten bli behandla av Innovasjon Noreg eller av fylkeskommunen ( bedriftsretta eller tilrettelegging). I dette tilfelle er det både snakk om å få ei betre forankring av CV i vårt fylke og direkte bedriftsretta aktivitetar (Springbrett). Innovasjon Noreg og fylkeskommunen er derfor samde om at for 2009 kan begge vere med på finansieringa. For eventuelle seinare søknader vil det vere naturleg at Innovasjon Noreg finansierer aktivitetar knytta til utvikling av gründerar/vekstbedrifter.

### **Konklusjon**

Erfaringane frå Hordaland og Høyanger, og det gjennomførte forprosjektet, tilseier at omsøkte prosjekt bør støttast. Samarbeidsavtalen med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS vert vurdert som viktig for å lukkast med å etablere CONNECT-aktivitet i Sogn og Fjordane. Lokal tilknytning er viktig for å kunne gjere ein god nok jobb knytta til rekruttering og oppfølging av gründerar/prosjekt. Offentleg medverknad vil vere heilt avgjerande for gjennomføring av prosjektet.

Fylkesdirektøren rår til at CONNECT Vest-Norge får eit tilskot på kr 135 000 til gjennomføring av CONNECT Vest-aktivitetar i Sogn og Fjordane i 2009 i samsvar med prosjektplan. I 2009 vert det, som eit unntak, løyvd tilskot både frå Innovasjon Noreg og fylkeskommunen. Frå 2010 skal eventuelle søknader om finansiering av aktivitetar retta mot gründerar/vekstselskap stilast til Innovasjon Noreg aleine.